



Helland Eiendom & Invest AS
Idrettsvegen 3
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9084 - 22/88339

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
18.11.2022

Ferdigattest - gbnr 123/87 Risa

**Administrativt
vedtak:**

Saknr: 1305/22

Tiltakshavar:

Helland Eiendom & Invest AS

Ansvarleg søker:

Bygg & Eiendom Vest AS

Søknadstype:

Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for oppføring av tomannsbustad på gbnr 123/87.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søker har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdig stilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 28.02.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.10.2022, og supplert den 03.11.2022.

Skildring

| | |
|-----------------|--------------------------------------|
| Adresse: | Storhaugen 64 A og 64 B. 5955 LINDÅS |
| Bygningstiltak: | Vertikaldelt tomannsbustad |

| | |
|-----------------|---|
| Bygningsnummer: | 64 A nr: 301028307. 64 B nr: 301028308 |
| Bruksareal: | Sum BRA pr. eining: 93,7 m2. Samla BRA: 187,4 m2 |
| Avlaup: | Offentleg avløp. Sak 22/65 – 22/87720 datert 16.11.2022 |
| Vatn: | Offentleg vatn. Sak 22/65 – 22/87720 datert 16.11.2022 |
| Tal på røykløp: | 2 |

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/9084

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

| | | | |
|-----------------------------|----------------|------|--------|
| Bygg & Eiendom Vest AS | Idrettsvegen 3 | 5936 | MANGER |
| Helland Eiendom & Invest AS | Idrettsvegen 3 | 5936 | MANGER |